Rapport frå forskingsopphald

Eg har frå 27. mars 2018 til 25. juni 2018 vore på forskingsopphald i USA der eg i hovudsak vitja professor Patricia Friedrichsen ved Department of Learning, Teaching, and Curriculum på University of Missouri, Columbia, USA. Eg fekk kontakt med Dr. Friedrichsen gjennom e-postsamtalar våren 2018, og gjennom vår felles interesse i forsking på Pedagogical Content Knowledge (PCK) i naturfag. PCK er ein del av feltet naturfagdidaktikk.

Opphaldet har vore fruktbart på mange måtar:

- Eg har fullført analysen til min fyrste artikkel for doktorgrada. Patricia har vegleia meg gjennom ein ny type analyse av integrasjon mellom element i PCK. Dette hadde eg ikkje klart heime i Tromsø
- Eg har vorte viss på kvar mi forsking bidreg til forskingsfeltet.
- Eg har sett og lært mykje om korleis bedømme kva som er god forsking
- Eg har delteke i planlegging av eit større forskingsprosjekt på lærarar i «Learning communities»
- Eg har observert i amerikanske klasserom på Middle School og High School
- Eg har diskutert naturfaglæring og –lærarutdanning med eit fagleg sterkt kollegium
- Eg har gjennom dette fått kontaktar som eg kjem til å ha vidare samarbeid med. Ikkje minst Dr. Friedrichsen, som eg kjem til å fortsetja å skriva saman med

Eg vil retta ein varm takk for oppmoding og økonomisk støtte frå dykk til å gjennomføra opphaldet.

Mvh

Johannes Sæleset